

KJØP OG SAL AV DYR
Utvalde emne

Kandidatnr: 261

Vegleiar: Ingen

Leveringsfrist: 26. april 2004

Til saman 9220 ord

25. april 2004

Innhald

1	Innleiing	1
1.1	Problemstilling og avgrensing	1
1.2	Definisjonar og inndelingar	1
1.3	Rettskjelder	2
2	Dyr og forbrukarkjøp	3
2.1	Innleiing	3
2.2	Produksjonsdyr	4
2.3	Forbrukaromgrepet	4
2.4	Forbrukaromgrepet i høve hobbydyr	5
2.5	Kjøp i sameige	8
2.6	Forbrukartvistutvalet	8
3.	Dyr og manglar	9
3.1	Innleiing. Dyr's eigenskapar	9
3.1.1	Humane trekk	10
3.1.2	Oppbygging	10
3.1.3	Krev fôring og stell	10
3.1.4	Biologisk variasjon	10
3.1.5	Smitte	10
3.1.6	Reproduksjon	11
3.1.7	Dyrevern	11
3.2	Innleiing. Generelt	11
3.3	Reklamasjonsfrister	11
3.4	Kva er mangel	12
3.5	Tidspunkt for eksistens av mangel	18
3.6	Dei krava kjøparen har ved mangel	20
3.6.1	Retting og omlevering	20

3.6.2	Prisavslag	21
3.6.3	Heving	21
3.7	Videospelardomen	22
3.8	Erstatning	23
3.8.1	Erstatning for oppstalling	24
3.8.2	Erstatning ved spreiring av smittsam sjukdom	24
3.9	Veterinærattest	25
3.10	Veterinærmedisinsk rettsråd	26
4	Litteraturliste	27

1. Innleiing

1.1 Problemstilling og avgrensing

I juridisk forstand er dyr definert som ”ting”. Kjøp og sal av dyr følger dei same reglar som for andre objekt. På andre sida er dyr levande skapningar og ein møter gjerne spesielle tilhøve ved omsetning av dyr; tilhøve som ikkje er så vanleg i andre samanhengar.

Målet med denne framstillinga er å gå gjennom kjøpsretten og fokusera på utvalde område der eg meiner at handel med dyr skil seg noko ut frå handel med daude ting. Det vil bli problematisert omkring tilhøvet og ut frå rettskjeldematerialet freista å koma fram til gjeldande rett. I hovudsak har eg konsentrert meg om problemstillingar omkring forbrukaromgrepet og dyrekjøp og manglar og dyrekjøp.

Dette er ikkje ein generell gjennomgang av kjøpsretten. Generelle kjøpsrettslege prinsipp vert føresett kjent.

Min bakgrunn som veterinær og bonde har gjort det naturleg å velja dette emnet for spesialoppgåva.

1.2 Definisjonar og inndelingar

I framstillinga finn eg det nyttig å skilja mellom produksjonsdyr og hobbydyr. Produksjonsdyr er dyr ein har i samband med næring der produktet frå dyret slik som kjøt, mjølk og ull er hovudsaka. Verdien til dyret er her for ein stor del knyta til verdien av produktet og evna til å produsera produktet. Storfe, småfe, gris, høner og oppdrettsfisk er typiske døme på dette.

Hobbydyr er dyr som i hovudsak vert verdsett ubunde av produksjonsverdi. Her vil affeksjonverdi, verdsetjing av prestasjon og eksteriør mm spela ei større rolle. Typiske døme er hund, katt, hest og akvariefisk.

I kjøpsrettsleg samanheng har ein trukke ut forbrukarkjøp frå anna kjøp og laga ein del spesialreglar for denne type kjøp. Eg vel å kalla kjøp som ikkje fell innunder forbrukarkjøpombgrepet for "vanleg kjøp" utan å ta stilling til kva som førekjem oftast. Forbrukarkjøp er ei delmengde av alle kjøp, altså; alle kjøp minus forbrukarkjøp er lik vanlege kjøp.

1.3 Rettskjelder

I 1907 fekk vi ei fellesnordisk lov om kjøp. Den vart utfylt med rettspraksis og vart avløyst av kjøpslova av 13.5.1988 nr 26. Kjøpslova av 1988 vidarefører mykje av rettsreglane frå den gamle kjøpslova, men gjenspeglar auka fokus på forbrukarkjøp og tilslutning til internasjonale konvensjonar. Det siste førte mellom anna til innføring av kontrollansvaret i erstatningsvurderinga.

På nittitalet vart det lagt fram forslag til ny forbrukarkjøpslov i NOU 1993:27 men ein avventa situasjonen til EU kom med sine reglar innan forbrukarkjøp. Då så direktivet kom i 1999 (1999/44/EF av 25. mai 1999), sette ein i gang med utgreiing og forslag i Ot.prp nr 44 (2001 og 2002) Om lov om forbrukerkjøp. Dette resulterte i forbrukarkjøpslova av 12.6.2002 nr 34.

Kjøp av dyr høyrer inn under lausøyrekjøp og ein har altså to hovudlover lover å halda seg til: Kjøpslova av 1988 (kjl) for vanlege kjøp og forbrukarkjøpslova av 2002 for forbrukarkjøp. Det finn ikkje spesialreglar for dyr i lovene slik som ein har døme på i tysk lovgjeving¹. Ein må difor nytta generelle kjøpsrettslege prinsipp på dyrekjøp ut frå deira spesielle føresetnad.

Eg nyttar i stor grad forarbeida til forbrukarkjøpslova (NOU 1993:27 og Ot.prp nr 44 (2001 og 2002)) i min diskusjon om forbrukarombgrepet knyta til dyrekjøp. Dei nemnde forarbeida er relativt nye og det er lite rettspraksis på området.

¹ Eikmeier, Hans. Fellmer, Eberhard. Moegle, Horst. *Lerbuch der Gerichtlichen Tierheilkunde*. 1. auflage Berlin und Hamburg 1990. s. 31

Når det gjeld rettspraksis i dyrekjøpstilhøve er den heller sparsam. Dette tyder ikkje naudsynleg at det er lite problem på området, men heller at det vanlegvis er tale om små summar i høve til kostnadane ved å få prøvd rettstilhøvet for domstolen for ikkje å tala om høgare rettsinstansar. Likevel er det ei handfull domar frå dei siste 60 åra som eg nyttar meg av i den vidare diskusjonen. Det er særleg i utgreinga av mangelomgrepet hjå dyr at eg finn desse nyttig. Eg føreset at den endringa som har skjedd på kjøpsrettsområdet over denne tida, ikkje har endra mangelvurderinga hjå dyr i særleg mon.

Dette med økonomien som avgrensande faktor for rettsleg prøving av dyrekjøpstilhøve for domstolane, ser ein i tal på slike saker som kjem opp for forbrukartvistutvalet (FTU). Eg har nytta vedtak i forbrukartvistutvalet som rettskjelde, delvis av di formannen har høg juridisk kompetanse og delvis av di dei fleste rettslege tvistar i høve kjøp av dyr av forbrukar vert avgjort her og såleis avspeglar den reelle praksis på området. Drøftingane i vedtak i FTU er diverre noko korte og difor kanskje ikkje så opplysende som i ordinære domar.

Når det gjeld kjøpsrettsleg litteratur her i landet, finn eg at den i liten grad er oppteken av dyrekjøp. Ein finn nokre liner her og der. På andre sida nyttar ein seg også i kjøpsrett for dyr av generelle kjøpsrettslege prinsipp, slik at til dømes mange av momenta innan generell mangelsvurdering drøfta i litteraturen, også har applikasjon på dyr.

2 Dyr og forbrukarkjøp

2.1 Innleiing

Vi har no to kjøpslover å halda oss til. I 1988 fekk vi Lov om kjøp 13. mai 1988 nr 27 som inneheld reglar for forbrukarkjøp og vanlege kjøp. I laupet av 90-talet vart det arbeid med ny forbrukarlov og etter at EU kom med nytt forbrukardirektiv i `99, fekk ein fart på prosessen og forbrukarkjøpslova vart vedteken i 2002 som Lov om forbrukarkjøp 21. juni 2002 nr 34. Rettssituasjonen er no at for forbrukarkjøp gjeld forbrukarkjøpslova medan for kjøp som ikkje er forbrukarkjøp gjeld kjøpslova.

Når det gjeld rettsreglar for vanlege kjøp og forbrukarkjøp er ein skilnad at ein i forbrukarkjøp ikkje kan avtala vilkår som er meir ugunstige for kjøpar enn det som fylgjer av lova. Forbrukarkjøpslova er preseptorisk i høve til endring til kjøpar sin ugunst medan ein kan avtala vilkår som er gunstigare for kjøpar enn forbrukarkjøpslova legg opp til. For vanlege kjøp er kjøpslova deklarasjonslova i mange høve slik at lovreglane kan avvikast ved avtale både til fordel for kjøpar som seljar.

Som eg kjem inn på seinare i drøftinga av manglar, er det ofte vanskeleg å fastslå om mangelen låg føre på tidspunktet for overtaking. Etter forbrukarkjøpslova (fkl) § 18 er det ein presumpsjon for at dersom mangelen visar seg innan 6 månader etter overtaking, var mangelen til stades ved tidspunktet for overtaking. Etter fkl § 27, 1. stk er det ein minstefrist for reklamasjon på 2 månader. Ovanstående saman med andre reglar gjer at det kan vera avgjerande for utfallet i ei kjøpstvist med dyr kor vidt kjøpet er eit forbrukarkjøp eller ei. Dette er grunnen til at eg nyttar noko tid på å drøfta forbrukaromgrepet i denne framstillinga.

2.2 Produksjonsdyr

Det går eit markert skilje mellom kjøp av produksjonsdyr og kjøp av hobbydyr. For produksjonsdyra sin del ligg det i korta at både seljar og kjøpar handlar i næringsssamanheng og det vil ikkje vera tale om forbrukarkjøp. Dyra går inn i ein produksjon som eigaren lever av. Ein kan jo sjølv sagt tenkja seg at ein bonde sel ein grisunge til ein privatperson som vil ha ein hagegris, men slike kjøp utgjer ein minimal del av omsetjing av produksjonsdyr.

2.3 Forbrukaromgrepet

På hobbydyrsida er situasjonen meir uklar. På seljarsida kan ein ha klårt definerte oppdrettarar som driv dyreoppdrett som næring til privatpersonar som har eit hodyr som dei til tider let bli drektig og sel avkommet. Like stor variasjon er det på kjøparsida.

I fkl § 1, 2. og 3. stk står det: ” Med forbrukerkjøp menes salg av ting til en forbruker når selgeren eller selgerens representant opptrer i næringsvirksomhet. Med forbruker menes en fysisk person som ikke hovedsakelig handler som ledd i næringsvirksomhet”.

Ein kan sjå at det stillast krav til både seljar som kjøpar for at vilkåret for forbrukarkjøp skal vera oppfylt.

Seljaren eller hans representant må altså opptre i næringsverksemd. Ein kan sjå at omgrepet ”yrkesseljar” er bytt ut med seljar eller representat som opptre i næringsverksemd. I forarbeida² kjem det fram at det ikkje er meininga å gjera noko endring i rettssituasjonen på dette punktet, men heller freista å harmonisera forbrukaromgrepet i dei ulike lovene og leggja omgrepsbruken nærare den i EU-direktiva. I juridisk litteratur ser ein som oftast at ein nyttar mest tid på kjøparsida når ein drøftar forbrukaromgrepet. I NOU 1993: 27 finn ein ei drøfting av omgrepet yrkesseljar som altså stort sett samsvarar med næringsverksemd. Her kjem det fram at verksemda må ha eit visst omfang, men ho kan godt vera bigeskjeft for til dømes ein lønsmottakar. Skjer salet frå forretningslokale, vil det også styrka vurderinga om næringsverksemd.

Når det gjeld kjøparsida så må det handlast ikkje hovudsakleg som ledd i næringsverksemd. Det vil seie at det kan vera forbrukarkjøp sjølv om tingen skal nyttast i noko mon i næringsssamanheng berre dette ikkje er hovudsaka. Her har det nok skjedd ei oppmjuking av forbrukarkjøpomgrepet med den nye forbrukarkjøpslova. Samstundes er det kome ei innsnevring i høve tidlegare³ i og med at forbrukaren må vera ein fysisk person.

2.4 Forbrukaromgrepet i høve hobbydyr

Når ein så skal drøfta forbrukarkjøpomgrepet i høve handel med dyr så konsentrerer eg meg om handel med hobbydyr. Produksjonsdyrhandel fell så å seia alltid utanom omgrepet, då desse vert kjøpt som ein del av næringsverksemd. Når det gjeld handel av hobbydyr, har ein eit uttal av konstallasjonar meg glidande overgangar. Ulikt dei fleste handelsvarer har dyr evne til å reprodusera seg. Dermed vil den einskilde dyreeigar kunna produsera nye dyr ut frå det opprinnelege og sal av dyr frå privatpersonar førekjem ofte. Tenkjer ein seg ein privatperson A som ikkje har hund frå før og som

² Ot.prp. nr. 44 (2001-2002) s. 39

³ Praksis i forbrukartvistutvalet (FTU) Ot.prp. nr. 44 (2001-2002) s. 36

kjøper seg ei tise. A vil skaffa seg eit kjæledyr og eventuell økonomisk vinning er underordna. Etterkvart får A interesse av å delta på hundeutstillingar. Han vinn prisar og finn ein passende på hund til å bedekka tispå. Kvelpane sel han. Han kjøpar seg ein tise til og avlar også på henne. Etterkvart kjøpar han seg også ein hannhund av god avstamming til å nytta i avlen. Og så vidare. Spørsmåla er: når byrjar A å kjøpa som ledd i næringsverksemd og når opptre A som seljar i næringsverksemd? Er desse tidspunkta samanfallande eller kan ein oppleva at A vert oppfatta som næringsdrivande ved sal og som forbrukar ved kjøp?

Rettkildematerialet er noko sparsomt på dette punktet. Det er lite domstolspraksis⁴ på området. Dessutan er forbrukaromgrepet noko utvida i høve til kjøpslova då ein i forbrukarkjøpslova berre krev at ein ikkje hovudsakeleg handlar som ledd i næringsverksemd. Gamal rettspraksis vil ikkje her vera heilt relevant. Ein finn noko haldepunkt i forarbeid og juridisk litteratur. I diskusjonen nedanfor der eg drar fram moment som talar for forbrukarkjøp eller motsett, nyttar eg meg av desse rettskjeldene samt det eg oppfattar som reelle omsyn.

- Vert dyra brukt som kjæledyr og går inn i hushaldet slik som er vanleg for desse, eller er tildømes dyra oppstalla i bur i eigne bygningar med liten sosial kontakt med menneska. Her må ein ta omsyn til at ”vanleg forbrukaroppstalling” varierer dyreart til dyreart og frå stad til stad (by - land).
- Mengda av dyr. Færre dyr hellar mot forbruakar, fleire dyr mot næring. Her må ein også taka omsyn til dyreart. Ein har vanlegvis fleire akvariefisk enn hundar.
- Registrering. Er verksemda registrert som næring i brønnysundregisteret, må ein sjå på det som næring. Er verksemda ikkje registrert kan ein derimot ikkje slutta at det er tale om forbrukar. Her må ein sjå på heilskapen.
- Økonomi. Mange hobbydyreigarar driv med sal i større eller mindre grad. Dei færraste registrerer det som næring eller oppgjer det til likningskontoret. Ofte er det fordi det knytar seg store utgifter til dyrehaldet slik at nettoen er negativ. I vår samanheng er det nok omsetninga som er det beste vurderingsmålet; større

⁴ NOU 1993: 27 s. 32

omsetning tyder på næring. Er det i tillegg netto fortjeneste, vil det koma som eit tilleggsmoment.

- Jamn annonsering og nytting av firmaliknande namn talar i retning av næring. Døme: Stall Stormoen, Kennel Knausen.
- Høve mellom kjøpar og seljar. Eit av føremåla med forbrukarlovgevinga er å styrka stillinga til den kjøpande part der det er stor skilnad på profesjonalitet mellom partane i seljar sin favør. Der det er stor skilnad mellom partane i profesjonalitet er det naturleg å definera kjøpar som forbrukar og seljar som næringsverksemd.

Til spørsmålet om same part kan oppfattast som forbrukar eller næringsverksemd alt etter om han kjøpar eller sel så kan eg ikkje finna at problemstillinga er drøfta i litteraturen. Eg må difor resonnera litt ut frå det materiale som finnast. Som ein ser av ovanfor nemnde punkt med vurdering av tilhøvet mellom kjøpar og seljar vil dette opna for ei relativisering. Også ut frå forbrukarkjøpslova kan ein finna opning for ulik vurdering i høve kjøp eller salsituasjon. Etter fkl § 1 er kravet til seljar at han skal opptre i næringsverksemd medan kravet til kjøpar er at han ikkje hovudsakleg handlar som ledd i næring. Etter det eg oppfattar som normal språkforståing tyder ”ikke hovedsakelig” mindre enn 50 %. Dersom vi tenkjer oss at A kjøper ein tispekvelp der kjæledyraspektet tel 51 % medan tanken på framtidig avl og sal tel 49 %, så vil altså kravet vera oppfylt. Når så A etter ei tid sel kvelpar avla på den fyrste tisper gjer det lita meining å tala om kor vidt salet skjer hovudsakleg i næringsverksemd eller ikkje. Meir naturleg er det å tolka det slik at A her realiserer næringsbiten i hundehaldet og altså at han her opptre i næring. Denne oppfattinga støttast også av uttalinga i ot.prp. nr. 44 (2001-2002) s. 36: ”Det er elles et hensyn i vurderinga at reglene om forbrukervern også skal være anvendelige i situasjoner hvor selgersiden har en relativ lav grad av profesjonalitet. Det stilles etter praksis i dag ikke store krav før en på yttersiden regnes som ”yrkesselger”. Etter departementets syn er det gode grunner som talar for at kravene stilles nokså lavt på selgersiden, men dette har samtidig en viss betydning for hvem som bør gjøres til forbrukere på bestillersiden”.

2.5 Kjøp i sameige

Det er ikkje uvanleg at fleire personar går saman om kjøp av eit dyr. Ofte ser ein dette ved kjøp av hest. Det skjedde ei innsnevring av forbrukaromgrepet i forbrukarkjepslova ved at det berre er fysiske personar som kan vera forbrukarar (fkl § 1, 3. stk). Praksis tidlegare var at også juridiske personar som foreiningar osv kunne koma inn under omgrepet. Når det gjeld slike felles kjøp så vil organiseringa av kjøparane spela ei rolle. Organiserer ein seg som eit selskap, er det naturleg at ein fell utanom forbrukaromgrepet. Men i dei fleste tilfella er det nok tale om vanleg sameige der kvar av personane kjøper sin ideelle del av dyret. Så lenge det her er tale om handel til personleg bruk og ikkje hovudsakleg som ledd i næringsverksemd vil det vera naturleg at også slike kjøp vert omfatta av forbrukarkjøpomgrepet. Ein finn også støtte for dette synet i forarbeida til forbrukarkjepslova⁵ der ein viser til at forslaget til ny forbrukarkjepslov er ei innsnevring i høve til forbrukartvistutvalet sin praksis medan den er i trå med uttaling i Ot.prp. nr. 80 (1986-87) s. 52: ”Den omstendighet at flere personer organiserer felles innkjøp, utelukker ikke i seg selv at det dreier seg om forbrukerkjøp, så lenge formålet med kjøpet er knytt til den enkeltes personlige forbruk”. Her må ein nok utvida ”personleg forbruk” med ”hovudsakelig” i trå med utvidinga i omgrepet i den nye forbrukarkjepslova.

2.6 Forbrukartvistutvalet

Forbrukartvistutvalet er eit supplement til dei vanleg domstolane der forbrukarar kan få avgjort tvistar rimeleg. Dersom saka har vore opp hjå forbrukarrådet utan at semje mellom partane har kome i stand, kan saka sendast vidare til forbrukartvistutvalet. Forbrukartvistutvalet avgjer saka med same verknad som rettskraftig dom dersom ikkje partane bringer saka inn for ordinær domstol innan ein 4 vekers frist.

Etter forbrukartvistlova § 1, 3.stk ser ein at definisjonen av ein forbrukarkjøpar er lik den i forbrukarkjepslova. Definisjonen vart endra i samband med forbrukarkjepslova for å harmonisera forbrukaromgrepet. Forbrukartvistlova har ikkje krav til seljar slik at forbrukartvistutvalet kan handsama både saker mellom forbrukar – næringsdrivande og

⁵ Ot.prp. nr. 44 (2001-2002) s. 36

saker mellom forbrukar – forbrukar. Då tvistesummar i handel med dyr som oftast ikkje er så store og vanleg domstolshandsaming er relativt dyrt, vil det at saka kjem innunder forbrukartvistutvalet sitt kompetanseområde ofte vera avgjerande for om ein har eit reelt høve til å få prøvd saka.

På same måten som i forbrukarkjøp vil handel med produksjonsdyr stort sett alltid falla utanom då ein handlar hovudsakleg i næringsinteresse. For handel med hobbydyr vil drøftinga bli som ovanfor i høve forbrukarkjøp med den skilnad at ein ikkje treng bry seg om kor vidt seljar er forbrukar eller næringsdrivande.

Forbrukartvistutvalet får ei rekkje saker på bordet og for kvar sak må dei ta eit prejudisielt standpunkt til om dei har kompetanse til å avgjerda saka jf forbrukartvistlova § 1, siste stykket. I forbrukartvistutvalet sit høg juridisk kompetanse og vedtaka i utvalet er kanskje den beste kjelda til å vurdera praktiseringa av forbrukaromgrepet⁶. I fyrste omgang må dei ta stilling til om kjøpar er forbrukar og saka såleis høyrer inn under deira kompetanse. I neste omgang må dei ta stilling til om kjøpet er eit forbrukarkjøp eller vanleg kjøp der det kan vera avgjerande for utfallet. Den nye forbrukarkjøpslova er forholdsvis ny slik at ein treng noko tid på å byggja seg opp ein praksis etter denne.

3. Dyr og manglar

3.1 Innleiing. Dyrs eigenskapar

Misleghald hjå seljar i kjøpsretten delast oftast inn i manglar og forseinking. Kjøpar sitt krav i høve dette kan vera retting, omlevering, prisavslag eller heving. Han kan også krav på erstatning av det tap han har lide. Eg kjem ikkje til å gå inn på generell kjøpsrett då det vert føresett kjent i den vidare drøftinga.

Sjølv om dyr juridisk sett er ting, har dei ein del eigenskapar som ofte skil dei frå vanlege ting. Eg kjem nedanfor til å gjennomgå ein del av desse som kan ha relevans i kjøpsrettsleg samanheng.

⁶ NOU 1993: 27 s. 32

3.1.1 Humane trekk

Dyr har i større eller mindre grad humane trekk. Dei har evne til å kjenna smerte. Dei har lynne som kan variera frå individ til individ. Dyr kan også i større eller mindre grad visa kjensler og kommunisera med menneskjer og dermed skapa tilknytning på ein spesiell måte.

3.1.2 Oppbyggjing

Også i oppbyggjing skil dyra seg frå vanlege ting. Medan vanlege ting har ein konstruksjon som er statisk, har dyra ei dynamisk oppbyggjing. Tek ein CD-spelaren som eit døme, vil den dersom den er i god stand, virka frå fyrste dag. Den vil ha ein jamn slitasje og oppstår ein feil, vil ein freista å reparera den. Ein vil ikkje venta å sjå om CD-spelaren klarar å reparera seg sjølv.

For dyr sin del vil alle delar av dette gjennomgå ein konstant prosess av nedbryting og oppbyggjing. Ein har ei stadig fornying av celler og vev. Til og med beina i kroppen som vi ofte tenkjer oss som temmeleg stabile, gjennomgår stadig endring og tilpassing til vekt og belastning. Dersom dyret vert skada har det ei sjølvlækingssevne som gjer at det ofte kan restituera seg sjølv.

3.1.3 Krev fôring og stell

Dyr krev fôring og stell og har visse krav til oppstalling. I motsetnad til CD-spelaren som kan setjast bort i lengre tid til ein eventuell kjøpstvist er løyst, vil eit dyr trengja oppstalling og alt etter kva slags dyr det gjeld kan kostnadane bli ganske store.

3.1.4 Biologisk variasjon

Dersom ein samanliknar med masseprodusert vare, skil dyra deg ut med ein mykje større variasjon frå individ til individ. Medan ein for ein produksjon av CD-spelalarar har ein spesifikasjon på komponentar og yting som gjer kvar eining mest identisk med dei andre, vil ein for dyr sjølv innan same kull med same mor og far sjå ein stor variasjon.

3.1.5 Smitte

Dyr er mottakelege for smittsame sjukdomar. Dersom ein kjøpar ein CD-spelar med feil og tek han med heim i stova, er det lite truleg at same feil oppstår på radioen og

forsterkaren. For dyr er dette annleis. Kjøpar ein eit dyr med ein smittsam sjukdom, kan ein risikera at ein smittar eigne og andre sine dyr som dette dyret kjem i kontakt med.

3.1.6 Reproduksjon

I motsetnad til dei fleste andre ting har dyr evne til å reprodusera seg sjølv. Har ein eit hodyr og tilgang på han, vil ein kunna produsera nye individ. Dette gjer at privatpersonar som kjøper eit hobbydyr som kjæledyr ofte kjem i ein posisjon der dei opptre som seljarar i større eller mindre grad. Dette er mellom anna drøfta ovanfor i høve forbrukarkjøp.

3.1.7 Dyrevern

Dyr kan måtte avlivast av omsyn til dyrevern. Tilbakelevering kan difor i visse høve vera uråd.

3.2 Innleiing. Generelt

I vurderinga om det ligg føre ein mangel, må ein som alltid ta utgangspunkt i den aktuelle kjøpsavtala. Ofte er denne lite utfyllande. Avtala kan vera munnleg og det kan vera usemje om kva som er avtalt. I drøftinga nedanfor vil eg ta utgangspunkt i den generelle kjøpsretten eller bakgrunnsretten for manglar hjå dyr som ein må ty til dersom ikkje kjøpsavtala er avklarande.

3.3 Reklamasjonsfrister

Kjl § 32 pålegg kjøpar å reklamera innan ”rimeleg tid” etter å ha oppdaga eller burde ha oppdaga mangelen. Det same gjer fkl § 27, men her vert det gjeve ei minstetid for reklamasjon på to månader frå mangelen vert oppdaga. I gjennomgang av domstolsmateriale ser eg at for sein reklamasjon nokså ofte er påberopt av seljar, men sjeldan har ført fram. I ein dom⁷ heiter det at ”Retten vil tilføye at ved salg av levende dyr er en rask reklamasjon av særleg betydning”. Denne påstanden vert ikkje grunngjeven. Etter kjøpslova av 1907 var kravet i slike kjøp reklamasjon utan ugrunna opphald. Etter dei nye kjøpslovene med ”innan rimeleg tid” som krav, er nok ikkje

⁷ RG-1962-709 (Nes Herredsrett) jfr RG-1955-484 (Nes Herredsrett)

gamal domspraksis heilt relevant. Etter Bergem og Rognlien⁸ skal ein i uttrykket ”innan rimeleg tid” ta omsyn til partars profesjonalitet og type ting handelen dreier seg om.

Eg kan sjå at dersom det blir tale om heving av kjøp, kan det for einskilde dyreartar bli snakk om betydeleg beløp i erstatning for oppstalling og at seljar difor vil ha høve til å heva så raskt som mogleg, men elles kan eg ikkje sjå at ein seljar av dyr skulle har større grunn enn andre seljarar til rask reklamasjon. Det er vel snarare slik at dyra sin eigenart kan gjera at det tek noko tid før ein blir klar over at det er ein mangel i kjøpsrettsleg forstand. Viser til dømes ein nykjøpt hund nervøs åtferd, vil ein gjerne tru det skuldast overgang til nytt og uvant miljø og ein freistar ein stund å vinna tillit hjå dyret før ein konkluderer med at det er ein mangel. Likeeins merkar ein at dyret er litt halt, vil ein gjerne gje det litt tid for å sjå om det lækjast av seg sjølv. På den andre sida; når kjøpar fyrst meiner det er tale om ein mangel i kjøpsrettsleg forstand, bør han reklamera utan utsetjing for å vera sikker på at reklamasjonen er framsett i tide.

Det er eit moment som talar for rask reklamasjon og som har blitt forsterka ved den nye forbrukarkjøpslova. Etter forbrukarkjøpslova er det etter § 18, 2. stk ein presumsjonsregel for at manglar som visar seg etter 6 månader etter risikoovergang, eksisterte ved tidspunktet for overtaking. Mange lidingar hjå dyr artar seg ved ein initial akutt fase med overgang til kronisk fase. I den akutte fasen er det gjerne råd å tidfesta omtrentleg når skaden har oppstått, medan i kronisk fase er dette langt vanskelegare eller uråd. Ein kan tenkja seg eit døme med ein hest der skade oppstår 2 veker etter overtaking. Her vil seljar dersom han vert varsla i tide, kunna få veterinær til å undersøkje hesten raskt med tanke på å greie ut kor akutt skaden er, og med litt hell kan han datera skaden til etter overtaking. Dersom kjøpar ventar 1 - 2 månader med å reklamera, går skaden over i kronisk tilstand og seljar missar dette høve til tidfesting av skade og risikerer at presumsjonsregelen slår gjennom.

3.4 Kva er mangel

Kva som skal reknast som manglar er omtalt i kjl §§ 17, 18 og 19 og i fkl §§ 15, 16 og 17. I mi utgreiing blir det å fokusera på manglar i handel med dyr utan å gå inn i meir

⁸ Bergem, John Egil. Rognlien, Stein. Kjøpsloven. Oslo 1995 s.176,177

generelle moment i kjøpsretten på dette punktet. Dyr er levande vesen som undergår endringar etterkvart som det veks til. Ein har også ein biologisk variasjon som gjer at normal vare varierer langt meir enn tildømes eit industriframstilt produkt rett frå fabrikk. Dersom ein skal samanlikna, vil nok ei samanlikning med bruktbil vera langt meir treffande enn med nybil. Eg vil i mi framstilling ta utgangspunkt i einskilde domar og vedtak og så drøfta mangelomgrepet med utgangspunkt i dette.

Rt 1954 – 177 gjaldt reklamasjon på ein hingst brukt til bruk i avl. Føllprosent til hingsten varierte mellom 8 og 19 medan ein normalt ventar over 50. Det vart funne at ein unormal stor del av spermiane hadde ei abnorm form. Seljar får medhald i krav om prisavslag. Eit moment i vurderinga er om den dårlege økslingsevna kan skuldast dårleg eller usakkyndig handsaming hjå kjøpar. Dette vart ikkje funne å vera tilfelle. Seljar får ikkje medhald i at økslingsevna er ein risiko kjøpar må ta. Sterkt redusert økslingsevne er ein mangel etter kjøpsretten. Her høyrer det med at det var betalt ein monaleg overpris for hesten i høve prisen for ein vanleg arbeidshest.

Rt 1953 – 1057 gjeld også ein avlshingst. Denne hadde tendens til fusking. Det vil seie at den ikkje alltid fekk sædavgang ved paring. Trass i dette hadde den over gjennomsnittleg føllprosent. Seljar vart frifunnen (dissens 4:1) for krav om heving, subsidært prisavslag eller erstatning. I grunngjevinga er det lagt vekt på høg føllprosent. Det vert også peika på variasjonar i fuskinga. I ein samanheng fungerte den normalt medan i andre var det stor grad av omparing. Det vart påpeika: ”Det synes å herske enighet om at hingsteholderens behandling av hingstene under parringen har stor betydning”. Ein kunne ikkje påvisa fysiske årsaker til fuskinga ved obduksjon. Det var ikkje uvanleg at hingstar kunne fuska av og til og dette til dels kunne skuldast ukyndig handsaming frå hingstehaldarane.

Rt 1950 – 683 gjaldt manglande avlsevne hjå to revehannar kjøpt som kvelpar. Kjøpar fekk ikkje medhald (dissens 3:2). Fleirtalet argumenterte med at det var eit spesielt kjøp då kontrakt om sal vart gjort før kvelpane var konsipert og ved levering var dei ikkje kjønnsmogne. Kjøparane kunne velja kvelpane ut blant 18 dyr. Salsummen for kvelpane låg berre 20% over skinnverdien då kjøpet vart slutta.

I LE – 1991 – 01869 var det tale om ein 13 gamal ponni med progressiv forkalking i beina. Kjøpar fekk ikkje medhald i at det var tale om vesentleg kontraktbrot. Moment i vurderinga: Bruken av hesten var klarlegd mellom partane (dressurriding i moderat omfang). Kjøpar vart gjort kjent med forkalkingane i beina. Veterinærundersøking av hesten initiert av kjøpar i samband med handelen konkluderer med funksjonsfriskhet sjølv om det er påreklelege aldersmessige endringar i beina. Seinare oppstått halting er kjøpar sin risiko.

LE – 1990 – 00067 (Eidsivating) gjaldt hest som vart undersøkt av veterinær A før kjøp og funne i orden. 8 dagar etter (og etter overtaking) vart hesten undersøkt av veterinær B og funne halt på begge frambein og lidinga vart vurdert som kronisk. Kjøpar fekk medhald om heving (dissens). Av moment i vurderinga vart det ikkje påvist at hesten etter levering hadde vore utsett for uhell eller andre spesielle påkjenningar. Elles var det å velja kva for veterinærundersøking ein skulle leggja mest vekt på.

I RG – 1990 – 791 (Frostating) var det tale om kjøp av smolt (laksungar) til utsett i saltvatn. Fisken var dårleg smoltifisert (tilpassing frå ferskvatn til saltvatn) og daude. Kjøpar fekk ikkje medhald om mangel. Moment i vurderinga: Smolten har eit optimalt tidspunkt for utsett, deretter går smoltifiseringa i revers dersom smolten ikkje kjem i saltvatn. Seljar var vant med å setja ut fisken i fersk- og brakkvatn. Kjøpar vart forutsett å ha (burde ha) betre kunnskap om smoltifisering i høve sjøvatn. Kontrakten gjekk på at smolten skulle leverast for oppdrett i sjøen på Hitra. Smolten vart vurdert å ha dei eigenskapane som skulle til på det avtalte leveringstidspunktet. Transporten vart utsett utan at partane var samde om kven som var skuld i dette. I avtala var transporten kjøpars ansvar.

RG – 1972 – 263 gjeld reklamasjon på eit parti kyllingar som leid av sjukdom. Kjøpar fekk ikkje medhald. Av moment i vurderinga nemnast: Sjukdomane det er tale om (smittsam hønseleammelse og lymfoid leukose) var til stades i alle fjørfebesetningar. Dødligheten varierer. Miljøfaktorar som stress ved flytting, trong plass samt fôrkvalitet kan auka omfang av sjukdomsutbrot. Smitten er latent og kliniske symptom viser seg først ved sjukdom. Seljar kunne ikkje forventast å sjå symptom før levering. Seljar har gyldig veterinærsertifikat for at hygieniske tilhøve og sunnhetstilstand i besetningen er

betryggjande. Ikkje påvist at seljar har svikta i dei hygieniske rutinane som skulle kunna forklara sjukdomsomsfanget. Sjølv om tapsprosenten hjå kjøpar ligg godt over det som vert rekna som vanleg må kjøpar bera denne risikoen. I RG-1963-16 (Eidsivating) er ei liknande sak oppe med same utfall og liknande grunngjeving.

RG – 1952 – 450 gjaldt tri sølvrevtisper som døyde av mangelsjuka (vitamin B-1 mangel). Kjøpar fekk medhald. Retten konkluderer med at tispene leid av skjult mangel ved levering. Moment: Mangelen er ikkje så utbreidd at ein må rekna med han og i alle høve ikkje døydeleg utgang. To av tispene døyde under transport og ein vurderer det slik at mangelen var til stades før transport. Den siste døyde om lag 2 månader etter kjøpet etter å ha ”hangla” heile tida. Obduksjonen konkluderer med ”bronkopneumoni. Truleg mangelsjukdom (B-avitaminose?)”.

I Rt – 1943 – 701 (Eidsivating) gjaldt saka ein hest som det vart påvist sjukdom på (kverke) etter overtaking. Hesten døyde. Det vart vurdert til å vera ein skjult vesentleg feil og kjøpar fekk rett til å heva kjøpet. Hesten vart sjuk rett etter overtaking og tilkalla veterinær påviste symptom som kunne tilbakedatera smitte til å ha skjedd før overtaking. Sjølv om kverken på salstidspunktet i distriktet hadde karakter av epidemi, endrar ikkje dette på almenne ansvarsreglar ved dyrehandel. Situasjonen var ikkje slik at ein kjøpar måtte rekna med å få ein kverkesmitta hest.

Når det gjeld rettspraksis på manglar hjå dyr så er det nok forbrukartvistutvalet som handsamar desidert flest saker. Dei handsamar berre saker der kjøpar er forbrukar, slik at handelstvist med produksjonsdyr er det lite døme på. Sakene vert handsama av formann med juridisk embetseksamen og to medlemmer som har særleg innsikt i høvesvis forbrukarsida og seljarsida. Formannen har i praksis høg juridisk kompetanse og vedtaka fatta burde såleis ha ein viss rettskjeldeverdi⁹. Ein annan sak er at dei aller aller fleste forbrukartvistemåla i høve dyrekjøp ender opp her, og såleis vil praksis i forbrukartvistutvalet vera bortimot synonymt med gjeldande rettspraksis.

⁹ NOU 1993: 27 s. 32 ser på Forbrukartvistutvalet som ein viktig rettskjeldefaktor i tolkinga av forbrukaromgrepet.

Eg har bladd gjennom dei siste års vedtak frå forbrukartvistutvalet i høve dyrekjøp og kommenterer nokre av dei.

FTU – 2002 – 108. Hunden viser aggressiv åtferd. Vesentleg mangel. Heving av kjøp. Vanskeleg å avgjera om åtferdsforstyrninga var latent til stades ved overtaking, eller om den skuldast uheldig handsaming frå kjøpar si side. Under tvil fall ein ned på at mangelen var tilstades ved overtaking.

FTU – 2002 – 235. Hund der testiklane ikkje var falt ned på plass etter eit år. Hunden hadde også hoftelddsdysplasi. Begge delar utgjer ein mangel.

FTU – 2002 – 51. Hund med sterk grad av medfødt hoftelddsdysplasi. Vesentleg mangel og rett til heving av kjøp. Det at hunden var avliva av dyrevernmessige årsaker, var ikkje til hinder for heving jf kjl § 66, fyrste stk, bokstav a. Retten til heving går ikkje tapt dersom tilbakeføring er umogleg på grunn av ”tingens egen beskaffenhet”.

FTU – 2002 – 225. Minst middelgradig hoftelddsdysplasi hjå hund. Hunden avliva av dyrevernmessige årsaker. Heving av kjøp.

FTU – 2001 – 90. Hund med berre ein testikkel i pungen. Ikkje mangel. Vurdering: Kjøpar ikkje påvist at det ved på kjøpstidspunktet var planar om å bruka hunden i avl, men sannsynleg bruksområde som familie- turhund. Manglande testikkel liten betydning. Lav kjøpesum.

FTU – 2001 – 12. Hundekvelp med hjartefeil. Død under operasjon. Vesentleg kontraktbrot med rett til heving. Kjøparen har eit rimeleg krav på å berga dyret og kan krevja erstatta kostnader dette fører med seg jf kjl §§ 40 og 67.

FTU-2001 – 163. Hund med påvist svak grad av hoftelddsdysplasi. Mangel (dissens) i høve kjøpar sine forutsetningar om jaktprøve, utstilling og avl. 25% reduksjon i pris.

FTU – 2000 – 89. Hest med usikkerhet om alder. Usikkerhet om alder er ein mangel. Lite sannsynleg at hesten er vesentlig eldre enn oppgjeve. Kr 1000,- i prisavslag.

FTU – 2000 – 17. Hund med aggressiv åtferd. Avliva. Vesentleg mangel. Heving. Vurdering: Åtferda til hunden skuldast ikkje miljø men må reknast å skuldast medfødde eigenskapar. Kjøpar hadde lang erfaring med hund av liknande rase utan problem. Oppdraging av den omtvista hunden kravde kompetanse og oppfylgjing ein ikkje kan venta av ein vanleg hundeeigar.

FTU – 2000 – 207. Kjøp av 7 år gamal hest. 3-4 månader etterpå vart hesten oppdaga halt. Halthet forverra seg og halvanna år etter overtaking vart hesten avliva av dyrevernmessige årsaker. Vesentleg mangel. Medhald om heving. Moment: Ved kontrakt stadfesta at hesten kunne brukast til sprangriding og dressurkonkurranse. Seljar hadde fått hesten veterinærundersøkt i samband med kjøpet. Her vart påpeika nokre unormale tilstandar. I etterkant vart det oppdaga fleire unormale tilstander og omlag 9 månader etter overtaking vart hesten fråråda brukt til sprang og galopp.

Dersom ein skal freista å trekkja ut nokre moment i vurderinga av kjøpsrettslege manglar hjå dyr, må det bli som fylgjer.

- Kva dyret er meint å brukast til. Sterilitet hjå tur- og familiehund vert vurdert mildare enn sterilitet hjå utstillings- og avlshund.
- Pris. Er det betalt høg pris, er det større grunn til å forventast feilfri vare. Høg pris kan oppfattast som om seljar tek på seg større del av risiko for at forventast eigenskap ikkje er til stades. Døme Rt 1954 – 177.
- Miljø. Dyr er ømtolige for endringar i miljø. Her må ein tenkja på mellom anna oppstalling, fôr og personane som dyret omgåst med. Dyrs helse, prestasjon og oppførsel kan variera med desse faktorane og må takast omsyn til i mangelvurderinga. Døme Rt 1953 – 1057.
- Alder. Di eldre dyret er, di meir må ein forventast av kroniske endringar. Er desse påpeika av seljar, må kjøpar i stor grad bære risikoen for negativ utvikling av tilstanden. Døme LE – 1991 – 01869.

- Prevalens av lyte. Lyte treng ikkje vera kjøpsrettsleg mangel dersom det er vanleg utbreidd. Døme RG – 1972 – 263 der sjukdom med tidvis høg mortalitet ikkje vart sett på som kjøpsrettsleg mangel.
- Dersom kjøpar ventast å ha større kunnskap enn seljar, kan ein større del av risikoen falla på han. Døme RG – 1990 – 791.
- Mengde dyr. Dersom ein kjøper ein større mengde dyr (typisk i næring) vil ein lettare godta enkelte avvik utan at ein reknar det som kjøpsrettsleg mangel. Risikoen fordelast over partiet.
- Dersom kjøpar sjølv har høve til å velja ut dyret blant eit utval, kan det vurderast som han tek på seg ein større del av risiko. Døme Rt 1950 – 683.

3.5 Tidspunkt for eksistens av mangel

Mangelen må ha vore til stades ved overgang av risiko (kjl § 13, fkl § 14) dersom kjøpar skal ha krav. Kjøparen merkar kanskje ikkje mangelen før seinare, men grunnlaget for mangelen må ha vore til stades jf sterilitet. I dyrekjøp kan det ofte vera ei utfordring å datera mangelen til før eller etter overtaking av risiko. Eit typisk døme er halting hjå hest jf LE – 1991 – 01869 og LE - 1990 – 00067. Ein har gjerne ein kronisk tilstand som forverrar seg gradvis. Ein kan gjerne sjå fysiske endringar fyrst utan at ein merkar halting. Etterkvart som tida går forverrar dei fysiske endringane seg og haltinga tar til. Dersom ein samanliknar med kjøp av ein 10 år gamal bil, vil det ikkje vera ein mangel at dynamoen ryk etter ein månad. Dynamoen er ein slitedel og ein må forventa at slitedelar må skiftast i ny og ne, sjølv om slitasjen var til stades ved kjøpet. For hestar sitt vedkomande kan ein ikkje skifta ut slitne ledd, slik at her vil det vera tale om bruk eller ikkje bruk av hesten. Kor går grensa mellom pårekneleg slitasje i høve hestens alder som kjøpar må ta risikoen for og unormal slitasje som seljar må ha risikoen for?

I dyrekjøp der det er stor skilnad på funksjonell verdi og basisverdi (slakt) av dyret, er det vanleg å la veterinær undersøkje dyret og skriva ut attest i forkant av overtaking. Manglar påpeika i attesten saman med andre manglar opplyst av seljar før overtaking kan som regel ikkje kjøpar klaga på i etterkant. LE – 1991 – 01869 er eit døme på at

kjøpar ikkje fekk medhald om mangel at hesten vart halt der det vart påpeika fysiske endringar på hesten i forkant av salet medan hesten elles var funksjonsfrisk.

Andre problemstillingar er smittsam sjukdom; vart dyret smitta før eller etter overtaking? Anna lidningar; er grunnlaget lagt før eller etter? Lynne; skuldast dårleg lynne medfødde eigenskapar eller eigenskapar erverva etter kjøpet?

Desse spørsmåla dreier seg nokså mykje om fag. Det er difor nyttig å få så god informasjon som mogleg om fakta i hendingsgangen og om mangelen. Her kan veterinærkompetanse vera nyttig både ved at veterinærar har undersøkt dyret til ulike tider og ved at ein kan gje fakta om ei lidning i høve grunnar til at ho oppstår, tilhøve som påverkar, høve til tilbakedatering og liknande.

Arveleg disposisjon vil nok førekoma for dei fleste lidningar i større eller mindre grad. Skal arveleg disposisjon reknast som mangel, vil ein nok krevja nokså stor samanheng mellom disposisjonen og utvikling av sjukdom; det vil seia at miljøkomponenten er nedtona. Eg viser til at FTU¹⁰ gjev medhald i heving ved moderat og sterk grad av hofteladdsdysplasi. Det går ofte eit stykke til frå hunden vert kjøpt som kvelp, til hofteladdsdysplasi vert påvist. Her reknar ein med ein stor grad av arvbarhet. For lidningar der arvbarheten er liten, vil miljøkomponenten spela større rolle og ein vil vera mindre tilbøyeleg til å hevda at det låg føre mangel ved kjøpstidspunktet. Prevalensen av dårleg arv i populasjonen vil også ha tyngd. Jo større prevalens, di større grunn til å vurdere risikoen til å tilfalla kjøpar.

Miljøfaktoren gjer også at tidsaspektet har tyngd. Jo lenger tid det går frå overtakinga til symptoma på mangelen visar seg di lenger har miljøkomponenten (som må vera kjøpar sitt ansvar) hatt høve til å verka og di vanskelegare er det å sannsynleggjera at mangelen var til stades på overtakingstidspunktet.

Når det gjeld fkl § 18, 2. stk så lyder det. ”Hvis ikke noe annet bevises, skal en mangel som viser seg innen seks måneder etter risikoens overgang, formodes å ha eksistert ved

¹⁰ FTU – 2002 - 225

risikoens overgang. Dette gjelder likevel ikke dersom formodningen er uforenlig med varens eller mangelens art.” I forarbeida¹¹ blir det hevda at dette svarer nokså godt til det ein erfarer, at manglar som oppstår innan 6 månader for det meste låg før ved risikoovergang. Eg trur nok at dyr her kjem i ei særstilling. Mange av lidingane til dyra er i stor grad miljørelaterte og mykje kan skje på 6 månader. Nå er regelen ein bevisbyrderegel. Det går fram av forarbeida at det dreier seg om sannsynlighetsovervekt. Det vil seie at er det 51 % sannsynleg at mangelen ikkje var til stades ved overtaking, så gjev ein seljar medhald. Regelen kjem inn der ein vurderer det eine like sannsynleg som det andre. I fkl § 18, 2.stk 2. punktum blir det presisert at presumsjonen ikkje gjeld der det ikkje er i samsvar med varens eller mangelens art. Eg meiner ut frå overståande at dyr ikkje er den vara denne 6 månadersregelen passar best på. Ein kan vel også seia at mangelens art ofte ikkje høver med presumsjonen, ein kan til dømes tenkja seg at dyret får ein infeksjonssjukdom 4 månader etter overtaking, men her er det vel meir naturleg å visa til bevisføringa i fyrste punktum. Denne 6 månadersregelen er ny og det er lite å finna i litteraturen og lite i rettspraksis. Ein vil nok etterkvart sjå om det vert endringar i praksis i høve til tidlegare.

3.6 Dei krava kjøparen har ved mangel

Eg vil ganske kort drøfta dei krava kjøparen har i høve mangel i kjøpsrettsleg samanheng.

3.6.1 Retting og omlevering

Reglar for avhjelp (retting og omlevering) finn ein i kjl §§ 34-36 og fkl §§ 29,30. I samband med dyrekjøp er retting som regel upraktisk. Kan ting ordnast på av veterinær eller på anna vis, er det som oftast mest praktisk at kjøparen står for dette og får dekkja utgiftene jf kjl § 36 (3) og fkl § 30 (1). Når det gjeld omlevering så må det vera tale om ein vesentleg mangel for at kjøpar kan krevja det ved vanlege kjøp medan i forbrukarkjøp er det nok med mangel. Her kjem ein inn på skilnad mellom spesieskjøp og genuskjøp. Spesieskjøp kan ikkje omleverast av di det finnast berre eit eksemplar. Kan så dyr omleverast? Her må ein nok skilja mellom dyreslag. Eit typisk produksjondyr må nok reknast som eit genus og kjøpar må finna seg i omlevering

¹¹ Ot.prp. nr. 44 (2001-2002) s. 95

dersom det vert tilbode. Er det andre eigenskapar ved dyret enn produksjon som er avgjerande, slik som avlsverdi, så vil ein nok heller seia at det dreier seg om spesies.

Er det tale om hobbydyr så vil ein hest stort sett vera spesies. Vurderingsproblem kan oppstå ved multipare dyr, altså dyr som føder fleire avkom i kullet. Kan til dømes ein seljar krevja å omlevera ein kvelp med ein annan frå same kull? Eg har ikkje funne at spørsmålet er kome på spissen i litteratur, domar eller avgjerder, men reelle omsyn talar nok for at kjøpar må ha det siste ordet. Som nemnd har dyr humane trekk som gjer at vi menneske får eit tilhøve til dei som kan liknar tilhøve menneske imellom. Denne binding kan skje raskt, og kjøpar kan føla sterk ulyst ved å skilja seg frå dyret. Difor må nok seljar godta prisavslag i desse tilfella der det er relevant.

Når det gjeld omlevering kontra heving ved hobbydyr, fell bindingsmomentet bort. Eg vil likevel tru det har mest for seg å vurdera det slik at hobbydyr er unike og at seljar ikkje kan krevja omlevering. Det same må naturleg nok også gjelda motsett veg jf kjl § 34 (2) 3. punktum og fkl § 29 (1) 1. punktum. I praksis ser ein også at domar og vedtak går på heving av kjøp der det er påvist vesentleg mangel.

3.6.2 Prisavslag

Prisavslag byr ikkje på særlege utfordringar ved dyrekjøp i høve anna kjøp. Prisavslaget må stå i høve til mangelen i forhold den bruk dyret var tenkt til.

3.6.3 Heving

For å kunna heva kjøpet, må kontraktbrotet vera vesentleg jf kjl § 39 eller i forbrukarkjøp "ikkje uvesentleg" jf fkl § 32. Etter forarbeida¹² til forbrukarkjøpslova er det tilsikta å senka terskelen for heving i forbrukarkjøp med den nye lova. Type kjøp må difor takast med i vurderinga om det er høve til heving. For ordens skuld tek eg med at i vurderinga av vesentleg mangel har ein allereie slått fast at det er ein mangel. Ein berre undersøker om denne tilfredsstillar kriteriet "vesentleg".

¹² Ot.prp. nr. 44 (2001-2002) s. 135

Frøslie¹³ gjengjev Finn Gjesdal si opprekning av vesentlege manglar:

- Einkvar sjukdom som fører med seg at dyret døyr eller varig forringar bruken av det.
- Særskild store manglar som forringar dyret sin handelsverdi, men ikkje influerer på bruksverdien.
- Sjukdomar som i veker eller lengre hindrar ordinær bruk av dyret eller som residiverer eller går over i kroniske former.
- Sjukdomar som kan smitta over på andre dyr og dermed påføra ulemper og tap.
- Eigenskapar som hindrar den spesielle bruk som dyret er føreset til når kjøparen har gjort denne kjent og seljaren ved si teiing ikkje har reservert seg.

Heving tyder at kjøpet vert annullert. Partane leverer attende dei ytingane dei har motteke. Typisk seljar leverer kjøpesummen og kjøpar dyret. Det kan henda at mangelen er av ein slik art at dyret ikkje kan leverast attende. Det kan mellom anna døy av sjukdom eller måtta avlivast av dyreverngrunnar. Dette er ikkje til hinder for heving jf kjl § 66 (1)(a) og fkl § 51 (1)(a) då ”tingens egen beskaffenhet” gjer at tilbakeføring ikkje er mogleg¹⁴. Det er likevel verd å merka seg at kjøpar har eit ansvar for tilhøve som skuldast kjøparen. I RG-1985-562 (Nedernes heradsrett) fekk kjøpar medhald i vesentleg mangel men missa retten til heving då han hadde avliva hesten av di det vart for dyrt å hesten ståande på stallen i det uvisse. Sjå også nedanfor under drøfting om omsorg for tingen.

3.7 Videospelardomen

I drøftinga av manglar på dyr kan det vera naturleg å koma inn på Rt – 1998 -774. Her gjaldt det ein 31/2 år gamal videospelar der det oppstod ein svikt i IR-mottakaren slik at spelaren ikkje fanga opp signal frå fjernkontrollen. Forbrukaren fekk dekkja reparasjonskostnadane. Høgsterett fann at kjøpslova §§ 17 flg ikkje regulerte tilhøve og støtta seg til ulovfesta mangelsomgrep som at forbrukar har krav på ålmenn god vare. Moment i vurderinga var at for komponentar med lang teknisk levetid som var lite utsett

¹³ Frøslie Arne. Rettslære for veterinærstudenter. Kompendium. Oslo 2002 s. 53,54

¹⁴ Til dømes FTU – 2002 – 51

for ytre påverknader og ikkje trong vedlikehald, for ein forbrukar måtte forventast å ha lang levetid.

Spørsmålet er om denne domen har relevans til dyrekjøp. Ein dom er i utgangspunktet ei avgjerd i ei enkelt sak. Skal ein finna relevans til andre saker må ein sjå til premissane i domen. Då ser ein at det er fleire ulikskapar enn likskapar mellom videospelarar og dyr. Dyr er ueinsarta sjølv innan art og rase. Det er ein betydeleg genetisk variasjon som kjøpar for ein stor del må ta risikoen for. Likeeins vert dyr utsett for massive miljømessige variasjonar som fôr, stell, oppstallingsrom, fysisk aktivitet osv. Oppstår manglar på dyret etter lang tid hjå kjøpar, virkar det lite rimeleg å tilbakedatera manglane til før overtakinga dersom ein ikkje har klare indikasjonar på dette. Eit anna moment er partane. I videospelarsaka er det tale om forbrukar på eine sida, og på andre sida ein produsent som masseproduserer varer og for ein stor del avgjer kva presisjonsnivå han ynskjer på komponentane i høve ei kost-nytttevurdering. Her kan dyre komponentar vurderast opp mot billige komponentar med noko større påreknaleg reklamasjon. Ved dyrekjøp er det stort sett tale om rimeleg likeverdige partar.

Trass i at det ikkje er nokon grunn til at videospelardomen skal ha særleg relevans i saker med dyrekjøp, kan ein vel heller ikkje sjå vekk frå at praksis frå saker som har relevans kan smitta over på dyrekjøpsakene slik at det vert stilla mindre krav til sansynleggjering av eksistens av mangel ved kjøpstidspunktet. Nå har ein også 6-månadersregelen om presumpsjon i høve fkl § 18, 2. stk.

3.8 Erstatning

Ved manglar kan ein krevja erstatning for det tapet ein har lide.

Ein kan krevja erstatning i tillegg til andre mangelkrav som til dømes heving eller prisavslag. For vanlege kjøp gjeld regelen om kontrollansvar. Det vil seie at seljaren er ansvarleg for tap som fylgje av manglar som ikkje er utanfor hans kontroll jf kjl § 40 (1). Kontrollansvaret er nokså strengt på den måten at det skal mykje til for at ikkje mangelen skal reknast å vera innanfor seljars kontroll. Til gjengjeld er han berre

ansvarleg for direkte tap jf kjl § 40 (2). Har seljar handla aktlaust, er han ansvarleg for heile det påreknelege tapet etter vanlege erstatningsreglar jf kjl § 40 (3).

I forbrukarkjøp er det ved manglar tale om eit objektivt ansvar¹⁵ jf fkl § 33. Her kan ein krevja å få dekkja heile det påreknelege tapet ein har hatt som fylgje av mangelen. Erstatninga omfattar ikkje tap i forbrukaren si næringsverksemd jf fkl § 52 siste stk (b). Her vil kjøpslova sine reglar tre inn¹⁶. Dersom forbrukar krev stor erstatning i høve til dømes driftsavbrot, tyder det på anten at det ikkje har vore eit forbrukarkjøp eller at tapet gjeld næringsdelen av dyret.

3.8.1 Erstatning for oppstalling

I erstatningssamanheng peikar dyr seg noko ut ved at dei treng fôring ,stell og evt lokaler. For store dyr som hest kan det bli tale om ganske store summar. Ved heving vil ein som regel ha krav på å få dekkja oppstallingsutgiftene evt med unntak av nytteverdi. Har ein kunna nytta dyret til normalt bruk ei tid er det naturleg at ein også dekkjer oppstallingsutgiftene for denne tida. Kjøpslova har i kapittel XI reglar for omsorg av tingen. Forbrukarkjøpslova viser til dei same reglane. Er det tale om ei kjøpstvist med krav om heving, vil det som regel også vera usemje mellom partane som kven som stå for oppstallinga. Er oppstallingskostnadane store (nominelt eller relativt), vil begge partar vera tent med ei løysing som ikkje er unødig dyr, med tanke på det tilfellet at ein tapar saka. Partane kan såleis semjast med omsyn til kva ein gjer med dyret sjølv om ein ikkje er samd om mangelvurderinga. Dersom det ikkje er semje, er det klart at dyret kan seljast etter kjl § 76 dersom vilkåra der er oppfylte. Seljar må få rimeleg varsel så langt det er råd.

3.8.2 Erstatning ved spreiiing av smittsam sjukdom

Dyr kan ha sjukdom som kan smitta andre dyr og det økonomiske tapet kan bli stort. Dersom det dreier seg om aktløyse frå seljar si side, vil han sjølv sagt vera ansvarleg etter vanleg culpareglar. Kontrollansvaret gjev derimot ikkje erstatningsplikt for indirekte tap. Etter kjl. § 67 (2) omfattar indirekte tap mellom anna tap som fylgje av

¹⁵ Martinussen, Roald. Forbrukerkjøp. Oslo 2002 s. 150

¹⁶ Ot.prp. nr. 44 (2001-2002) s. 142

minsk eller bortfalt produksjon eller omsetning (driftsavbrot), og tap som fylgje av skade på sjølve salstingen. Slik smitteskade må difor reknast som indirekte tap og ikkje bli erstatta etter kontrollansvaret i kjøpslova. Døme med smolt som smittar fiskeoppdrettsanlegg er drøfta i forarbeida til kjøpslova¹⁷ og der konkluderer ein med at etter departementet si meining er det i slike tilfelle rimeleg at ansvaret er regulert av produktansvarsreglane.

3.9 Veterinærattest

Når ein skal vurderer om feil hjå dyr var til stades på salstidspunktet, har ein mange gonger høve til å støtta seg til veterinærattestar. Det er viktig å vera klar over kva for føremål attesten er skriven for. Ved handel av livdyr (produksjonsdyr) kan det vera offentlege krav til helseattest som slår fast at dyret (og buskapen) ikkje lid av smittsam sjukdom (ei positivliste med sjukdomar fastsett av landbruksdepartementet). Føremålet med denne helseattesten er berre den og tek ikkje sikte på å avklara lidingar som ikkje er omfatta av smittsam sjukdom. Ein har også slakteattestar som har som føremål å fastslå om dyret sin ålmenne tilstand gjer kjøtet eigna til humankonsum. Slike attestar som nemnd ovanfor er som oftast til lite hjelp i mangelvurderinga då føremålet med attesten er eit heilt anna. Dersom ein nyttar veterinærattestar til hjelp for å fastslå helsetilstand og nærvær eller fråvær av lidning, er det viktig å stilla visse krav til denne.

Attesten må innehalda dato for undersøkjinga, kva som er undersøkt, korleis det er undersøkt og resultatet av undersøkjinga. Ei uttaling om at "hesten er frisk" kan ikkje tilleggjast særleg vekt. Er det derimot oppgjeve "normal ålmenntilstand, normal temperatur, normale slimhinner og normal matlyst" har ein noko meir å halda seg til. Likeeins på halting. Vert det hevda at "hesten er haltfri" må det tilleggjast mindre vekt enn "Hesten er undersøkt med bøyeprøver på alle bein. Ingen unormale utslag". Det er

¹⁷ Bergem, John Egil. Rognlien, Stein. Kjøpsloven. Oslo 1995 s. 232

uråd å fastslå at dyr (og menneske) er friske. Det nærmaste ein kjem er å undersøkje ein del relevante parameter og så fastslå at prøvene er normale og halda for rimeleg at det ikkje ligg føre sjukdom. Når det gjeld attesting av sjukdom så gjeld dei same kriteria: kva som er undersøkt, korleis det er undersøkt og resultatet av undersøkjinga.

I saka LE – 1990 – 00067 hadde ein attestar frå to veterinærar med 8 dagars mellomrom som kom til to nokså ulike oppfatningar om helstilstanden til hesten. Då den siste meinte å påvisa ein kronisk tilstand, er det vanskeleg å tenkja seg at hesten skulle ha blitt sjuk mellom dei to undersøkingane. Kjem ein opp situasjonar med potensielt motstridande veterinærattestar vil profesjonaliteten i attestgjevinga gjerne vera ein peikepinn på kva attest ein skal festa mest lit til. Ein annan ting er at når undersøkingsmetodar er oppgjeve, går det å kontrollera om desse metodane er adekvate i den samanhengen dei er brukt.

Veterinærmedisinsk rettsråd.

3.10 Veterinærmedisinsk rettsråd

Veterinærmedisinsk rettsråd er oppretta for å vera rådgjevar for styremaktene på spørsmål i kryssingspunktet veterinærfag / jus. Rådet har 7 medlemmer der ein er jurist, fire er helsepersonell i vitskaplege stillingar innan relevante fagområde og to er veterinærar med erfaring frå klinisk praksis. Det er eit mål at dei ulike greinene av veterinærmedisinen er best mogleg representert.

Rådet står også til disposisjon for retten og oppnemnde sakyndige i mellom anna sivile saker og kan gje råd i høve handelstvistar mellom anna.

Rådet vart svært mykje nytta i kjøpsrettsamanheng frå femtitalet og utover, men i seinare tid kan det gå år mellom kvar handelstvistsak dei får til uttaling. Men dersom ein ynskjer få utgreidd ei sak i høve veterinærrelaterte spørsmål, kan det veterinærmedisinske rettsrådet vera eit godt alternativ.

4 Litteraturliste

- Bergem, John Egil. Rognlien, Stein. Kjøpsloven. Oslo 1995
- Eikmeier, Hans. Fellmer, Eberhard. Moegle, Horst. Lerbuch der Gerichtlichen Tierheilkunde. 1. auflage Berlin und Hamburg 1990.
- Frøslie Arne. Rettslære for veterinærstudenter. Kompendium. Oslo 2002
- Krüger, Kai. Norsk Kjøpsrett. Bergen 1999
- Martinussen, Roald. Kjøpsrett. Oslo 2000
- Martinussen, Roald. Forbrukerkjøp. Oslo 2002
- Selvig, Per. Kjøpsrett til studiebruk. Oslo 1999

Forarbeid

NOU 1993: 27

Ot.prp. nr. 44 (2001-2002)

Domar

Høgsterett

Rt – 1998 – 774

Rt – 1973 – 1153

Rt – 1958 - 63

Rt – 1954 - 177

Rt – 1953 - 1057

Rt – 1950 - 683

Rt – 1949 - 961

Rt – 1938 - 602

Lagmannsrett

LB – 1993 - 03256

LB – 1993 – 01797

LE – 1991 - 01869

LE – 1990 – 00067

RG – 1990 - 791

RG – 1988 - 662

RG – 1972 – 263

RG – 1962 - 16
RG – 1952 - 450
Rt – 1943 – 701

Tingrett

RG – 1990 - 915
RG – 1985 - 562
RG – 1986 – 719
RG – 1982 - 914
RG – 1965 - 566
RG – 1962 - 709
RG – 1957 - 241
RG – 1955 - 484
RG – 1952 - 450
RG – 1949 – 445

Vedtak i forbruakrtvistutvalet

FTU – 2003 - 388
FTU – 2002 - 235
FTU – 2002 - 225
FTU – 2002 - 108
FTU – 2002 - 51
FTU – 2001 - 405
FTU – 2001 - 354
FTU – 2001 - 333
FTU – 2001 - 163
FTU – 2001 - 90
FTU – 2001 - 15
FTU – 2001 - 12
FTU – 2000 – 548
FTU – 2000 - 398
FTU – 2000 - 207
FTU – 2000 - 89

FTU – 2000 - 17